



Ivar Nesse i Thaibua, lettare stressa

Påsketrafikken har førebels ikkje teke av for alvor i Uskedalen - med eitt unntak. Det tok ikkje lenge før ein kunne trekkja denne konklusjonen palmesundag ettermiddag, særleg ikkje då båthamna var fyrste stoppestaden under ein sjekkrunde.



Truleg påsketurist frå Sotra

På båtlagets område kunne ein ikkje registrere meir enn ein båt som truleg hadde kome til bygda med det ein kan kalla påsteturistar. Det var siglaren Akvarius frå Sotra som hadde flagget til topps men ingen kaptein til stades.

Ein einsleg fiskar frå Litauen men busett i Uskedalen representerte det einaste teikn til liv på bylgjebrytaren og han hevda at det heller ikkje var livsteikn i fjorden. I alle fall hadde han ikkje fått napp.

På Rabben Feriesenter er det derimot ein viss påsketurisme og ein lar seg dessutan imponera av tempoet i 'prosjekt servicebygg' som tek form og farge. Sjølv no er arbeidet i gang på bygget . Men også i området ved Gamleskulen var det aktivitet. Den hadde derimot eit klart stresspreg og du gissar heilt rett: Den hadde noko med Thaimat å gjera!

På dag nummer 3 etter opninga kunne Ivar Nesse slå fast at pågangen så langt har vore veldig stor, langt større enn dei venta, og han ga uttrykk for eit luksusproblem:

- To kokker og ein koordinator har for mykje å gjera!
- No ligg vi etter skjemaet, medga Ivar. Men det viste seg at forseinkinga ikkje var større enn 15 minuttar og den er til å leva med.

Utanfor venta optimistiske kundar som hadde høyrte positive ord om maten.

- Det er eit tiltak midt i blinken og eg vonar dei klarar seg, sa kunde Bjørn Olav Tveit.

Ivar og dei 2 kokkene akter likevel å halda stengt måndag og tysdag som annonsert på førehand.

- Vi er nødt til å pusta ut, sa Ivar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Einsleg fiskar frå Litauen